



## Surnadal Heimbygdlag

### ÅRSMELDING FOR 2013

#### **Styret:**

Leiar: Trygve Roaldset Nestleiar: Marit Lesund Skrivar: Sverre Hatle Kasserar: Arild Drøivoldsmo

Styremedlem: Svein Sæter.

Varamedlemmer: Eli Gulla, Astrid Mogstad Høivik

#### **Andre tillitsverv:**

Ansvarleg for boksal: Sverre Hatle Revisorar: Kristen Halle, Styrkår Brørs

Valnemnd: Kjellaug Brørs, Randi Sogge og Nathan Lediard.

Utsendingar til årsmøtet i Nordmøre Mållag i Ålvundfjorden : Trygve Roaldset, Marit Lesund

Utsendingar til landsmøtet i Ørsta: Trygve Roaldset, Martin Fiske

**Medlemstal:** 63 (52 betalt)

#### **Møte:**

Årsmøtet var på Vårsøg Hotell 25. feb. 2013, med 19 frammøtte, vanlege årsmøtesaker. Bordsete. Uformell samtale om arbeidet i laget.

Styret har hatt eitt møte. Andre saker har vorte drøfta på telefon og e-post. Møteboka har 19 saksnummer.

#### **ARBEIDET I LAGET:**

##### **Vårsøghelga:**

Kleivakvelde fall i år på 17.mai. Laget hadde søm før ansvar for oppsetting og nedtaking av benker, salsbord og innschlussgjerde, for billettsal, kontroll og samband, og stod for sal av kaffe og bakels mm + pølser. Vi merkar at det etter kvart blir knapt med folk til å delta på denne dugnaden.

##### **Prosjektstøtte:**

A. Ingebjørg Loe Bjørnstad fekk 15.000 kr i støtte til utgjeving av CD-plata "Høm" med eigenkomponert musikk og eiga tekst på surndalsmål.

B. Etter søknad frå Laget Vårsøg gav vi ein støttesum på 15.000 kr til Vårsøghelga 2013, særleg mynta på programma om skikongen Olaus Jeldness, dramatiseringa av Gisle Sursson, Driva-debatten om språket og 100-årsmarkeringa av Kalla Skrøvseth

##### **Språkåret:**

A. Laget baud elevar på ungdomsskulen og vidaregåande på ei gratisframsyning av "Ervingen – Ivar Aasen" av Vinje Produksjonar på Kulturhuset. Om kvelden var det open framsyning i samarbeid med Folkeakademiet og Kulturhuset. Heimbygdlaget var økonomisk garantist for tiltaket. I ettertid var vi misnøgde med kvaliteten på framsyninga og har sagt frå til produsenten om dette.

B. Nynorskstafetten ved skulelærar Ingvar Arnøy besøkte Surnadal 27. februar, og vi arrangerte møte med lærarstaben på ungdomsskulen + to elevgrupper der og ei storgruppe på Surnadal vg. skole.

C. Vidare deltok vi på eit språkseminar med presse-, næringslivs- og kommunefolk på Sunndalsøra dagen etter.

D. Vi kjøpte inn 60 eks av biletboka "Den kloke ea", omsett frå færøysk til nynorsk, og gav dei bort som sett til skulane og barnehagane i Surnadal. Vi besøkte dei personleg og hadde med råd og oppmoding om å fremje dialektbruk og nynorsk.

E. Sverre Hatle har hatt ein fast spalte med 25 språkartiklar i Driva i løpet av året.

**Falkberget-kveld:** Saman med Folkeakademiet arrangerte vi i april ein foredragskveld om dikteren Johan Falkberget med forfattar og skulemann Ragnar Evenstad.

##### **Boksal:**

Salstal i år:

24 stk Ord te gagns

43 stk Vårsøg + Lauvfall attpå handelen

11 stk Ville blomstra

46 stk Å vera her

7 stk Surnabanen

(Vi fekk noko tap pga. konkurransen i Notabene)

##### **Sal av Du mitt Nordmøre 2013:**

Privat kontantsal (108), bokhandelen (79), Mega (48) og litt på andre daglegvarebutikkar, i alt ca. 250 bøker.

Sverre Hatle